

Vingen landskapsvernområde



Forvaltningsplan godkjend desember 2021



Statsforvaltaren i Vestland

GODKJEND FVP

Innleiing

Vingen (VV00000574)

Godkjend av	Statsforvaltaren i Vestland
Oppstartsdato	02.12.2020
Planlagd revisjon	
Sametingskonsultasjon	
Godkjenningsdato	15.12.2021
Høyringsdato	10.05.2021
Saksnummer i ephorte	2020/17968
Forvaltingsstyresmakt	Statsforvalteren i Vestland
Type forvaltingsstyresmakt	Statsforvalter
Oppsyn	http://www.naturoppsyn.no/lokalkontorer/
Fylker	Vestland
Kommuner	Bremanger
Verneform	landskapsvernområde
Verneplan	Annet vern eller verneplan
Vernet dato	09.05.1980

Om forvaltningsplanen

- o Vingen landskapsvernområde vart oppretta ved kgl.res. 9. mai 1980. Vingen kulturminnevernområde, som omfattar den vestlege delen av landskapsvernområdet kring Vingepollen og sjøen med helleristingar, vart freda 02.11.2001 i medhald av kulturminnelova som områdefreding. Vingebru (Vingen vakthytte) vart freda 14.08.2015 som ein del av landsverneplanen for statlege bygg.
- o Formålet med oppretting av Vingen landskapsvernområde er «å verne eit vakkert naturlandskap med viktige kulturhistoriske særtrekk (helleristingsfelt)» (verneforskrifta pkt. III). Verneforskrifta har ikkje vore endra etter opprettinga av Vingen landskapsvernområde ved kgl.res. i 1980 og framstår i dag som lite oppdatert. Verneforskrifta for landskapsvernområdet bør difor reviderast, utan at restriksjonsnivået vert endra.

- o Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift slik at forvaltninga vert meir føreseieleg. Planen skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene og skildre saksbehandlingsrutinar. Forvaltningsplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser. Framlegget til forvaltningsplan vart lagt ut på offentleg høyring 10.05.2021, med høyringsfrist 15.10.2021. Det kom inn fire fråsegnar til framlegget; frå Universitetsmuseet i Bergen, Svelgen Kraft AS, Vestland fylkeskommune og Solveig Irene Ytre Hauge. Fråsegnene er tekne omsyn til og innarbeidde så langt det har vore mogleg.
- Vingen helleristingsområde vart freda (områdefreding i medhald av lov om kulturminne) 2.11.2001, i alt ca. 1970 da. Området gjeld dei vestlege delane av landskapsvernområdet som omkransar Vingepollen.
- Vingebru (Vingen vakthytte) vart freda 14.08.2015 som ein del av landsverneplanen for statlege bygg. Reglane vedtekne etter kulturminnelova er jamt over strengare enn reglane for landskapsvernområdet.

Oppgåva til forvaltningsstyresmakta

Statsforvaltaren (fram til 1.1.2021 Fylkesmannen) i Vestland er forvaltningsstyresmakt for Vingen landskapsvernområdet. Vestland fylkeskommune er forvaltningsstyresmakt for kulturminneområdet med helleristingsfelt i Vingen.

Søknader om løyve og dispensasjonar for verneforskriftene (landskapsvernområdet og kulturminneområdet) skal sendast høvesvis Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. Forvaltningsstyresmaktene kan setje i gang oppsyn, overvaking eller tiltak i området. Aktuelle aktørar for utføring av forvaltningstiltak er Statens naturoppsyn (SNO) og eventuelle eksterne aktørar som forvaltningsstyresmaktene har ein avtale med. Statens naturoppsyn (SNO) har oppsyn i området, og ekteparet Vingelven som er einaste fastbuande som bur i nærleiken, har avtale med Vestland fylkeskommune om vakthald.

Tilleggsopplysningar

Med Statsforvaltaren i Vestland som forvaltningsstyresmakt for Vingen landskapsvernområde og Vestland fylkeskommune som forvaltningsstyresmakt for områdefredinga etter kulturminnelova, er det etablert eit godt samarbeid om forvaltninga. Universitetsmuseet i Bergen (som forskar på helleristingane), Bremanger kommune og grunneigarane deltek også i samarbeidet. Alle møtast to gonger i året for å gå gjennom året som er gått og planleggje året som kjem. Den eine gongen er møtet

kombinert med gjennomføring av skjøtsel i Vingen. I tillegg utfører Universitetsmuseet i Bergen omfattende skjøtelses- og dokumentasjonsoppgåver som fram til no har vore finansierte av Riksantikvaren.

Andre planar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk utarbeidd ein skjøtelsesplan for Vingen landskapsvernområde i 1981, med fokus på ca. 300 dekar i tilknytning til kaien i Vingen. Sentralt i planen var helleristingane og skjøtsel for å ta vare på desse, der tilrettelegging for besøk av publikum var viktig.

I 1996 (dvs. før områdefreding etter kulturminnelova) utarbeidde Arkeologis institutt ved Universitetet i Bergen, på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein forvaltningsplan for kulturminna i Vingen. Fokus i planen er helleristingane, men også nyare kulturminne er omtala. Tilrettelegging for publikum er eit tema i planen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidde i 2002 (året etter vedtak om områdefreding etter kulturminnelova) ein skjøtelsesplan for kulturminna i Vingen.

Statsforvaltaren (før 1.1.2021 Fylkesmannen) i Vestland har gjeve faglege bidrag til alle planar som fylkeskommunen har utarbeidd. Fylkeskommunen og Statsforvaltaren samarbeider tett om forvaltninga i Vingen.

Områdefakta

Vingen (VV00000574)

Landareal (daa) 5000

Sjøareal (daa)

IUCN-status IUCN_V

Ramsar-status

Emerald-status

IUCN-tekst

Frå IUCN:

Kategori V - beskyttet landskap eller sjølandskap

"Et beskyttet landskap eller beskyttet sjølandskap (IUCN-kategori V) dekker en hel del av land eller hav med en eksplisitt naturlig bevaringsplan, men har vanligvis også plass til en rekke for-profit-aktiviteter. Hovedmålet er å beskytte regioner som har bygget opp en tydelig og verdifull økologisk, biologisk, kulturell eller naturskjønn karakter. I motsetning til tidligere kategorier tillater kategori V omgivende samfunn å samhandle mer med området, bidra til områdets bærekraftige forvaltning og engasjere seg i dets naturlige og kulturelle arv. Landskap og havlandskap som faller inn i denne kategorien, bør representere en integrert

balanse mellom mennesker og natur og kan opprettholde aktiviteter som tradisjonelle jordbruks- og skogssystemer under forhold som sikrer fortsatt beskyttelse eller økologisk restaurering av området. Kategori V er en av de mer fleksible klassifiseringene av verneområder. Som et resultat, kan landskapsvernområder og sjø kunne imøtekomme moderne utviklingen, slik som økoturisme, samtidig som å opprettholde de historiske ledelsesmetoder som kan skaffe bærekraft agrobiodiversity og akvatisk biologisk mangfold" .: IUCN-beskyttede områdekategorier - https://no.qaz.wiki/wiki/IUCN_protected_area_categories

Tilleggsopplysningar

Landskapsvernområdet omfattar berre landareal, men grensa går til sjøen, Høgste punkt er 940 moh.

Landareal for områdefreding etter kulturminnelova er 1970 da og omfattar dei vestlege delane av landskapsvernområdet.

Vingen landskapsvernområde grensar til Gaddeskogsvatnet naturreservat (skogvern) i sør, med ei felles grense på ca. 250 meter.

Vingen landskapsvernområde ligg i Bremanger kommune.

Landskapsvernområdet med kulturminneområdet inneheld meir enn 2200 helleristingar (figurar) fordelt på ulike stader i dei lågare delane av området. Det kjem og stadig nyoppdagningar av helleristingar i Vingen slik at talet på ristingar aukar, både i lågare delar og høgare opp i terrenget. Vingen er såleis det nest største helleristingsfeltet i Noreg etter Alta. Det spesielle med Vingen i høve til andre helleristingsfelt i Noreg er at landskapet er så godt som intakt, dvs. utan store inngrep, og at landskapet er i det store og heile slik som det var då helleristingane vart laga. Unntaket er, at vatnet i elva som renn ned inst i Vingepollen, er så godt som borte etter reguleringa av Vingevatnet (Svelgen-utbygginga, reguleringshøgde 429-405). For tida pågår fornying av vassdragskonsesjonen for Svelgen Kraft, der SFE Sogn og Fjordane Energiverk er største eigar. Norges vassdrags- og energidirektorat vil truleg kome med si tilråding til OED Olje- og energidepartementet før årsskiftet 2021/2022. Statsforvaltarren (tidlegare Fylkesmannen), fylkeskommunen og Universitetsmuseet i Bergen har bede om at det for ny konsesjon må setjast krav om minstevassføring i elva inst i Vingepollen.

Landskapsvernområdet er viktig som omland til helleristingane, som ein buffer kring fredingsområdet. Det er viktig at samarbeidet mellom dei ansvarlege for naturforvaltninga og kulturminneforvaltninga fungerer godt, då også med andre viktige aktørar som Universitetsmuseet i Bergen, dei som har beitedyr i området som ein del av skjøtselen, Bremanger kommune (som står for guiding) og grunneigarane.

Vestland fylkeskommune er no i gang med å utarbeide forslag til kulturhistoriske landskap av særskilt nasjonal interesse (KULA-område) for Riksantikvaren. Eit av desse KULA-områda omfattar midtre Bremanger som tar med seg eit større landskapsområde kring Vingen: Skatestraumen, Rugsund og Vingen. Hornelen, Nord-Europas høgste sjøklippe, ligg i dette landskapet og er godt synleg frå Vingen. Sjå kart i vedlegg.

Hornelen er med i supplerande verneplan for nasjonalparkar/ landskapsvernområde etter naturmangfaldlova, som Miljødirektoratet tilrådte til Klima- og miljødepartementet april 2021, og departementet gjekk i september 2021 inn for at ein skal gå vidare med planane, med oppstart truleg i 2022.

Natur

Vingen (VV00000574)

Beskriving

Området ligg kring Vingepollen ca. 6-7 km rett nord for Svelgen. I Vingenområdet finst eit av dei største helleristingsfelta i Norden. Det særleine landskapet i området er med på å forsterke inntrykket av helleristingane. Landskapet sin karakter kan ha vore ein av grunnane til at steinalderfolket valde denne staden for helleristingane. Ut over eit stort tal hjortefigurar finst ei rekkje figurar av menneskeskjelett i området. Sistnemnde forhold kan tyde på at bergkunsten i dette området har samband med førhistoriske døderitualar eller dødehandtering som føregjekk i området. Universitetsmuseet i Bergen driv forskning og forvaltning av bergkunsten og andre kulturminne i området. Landskapsvernområdet inneheld fleire verneverdige naturførekomstar.

Beskriving av naturtypar

Landskapsvernområdet omkransar Vingepollen, ein litt under 2 km lang fjord innafor den værharde Frøysjøen, i Bremanger kommune.

Berggrunnen består av devonsk sandstein, som er eit resultat av den eldre geologiske historia med fjellkjedeformasjon, forkastingar og etter følgjande utvikling gjennom fleire istider og har forma det særprega hyllelandskapet i området. Landskapet med devonsk sandstein er bratt og mektig, med opp til 940 m høge fjell som omkransar Vingepollen.

Inst i Vingepollen renn elva frå Vingevatnet, men normalt er det svært lite vatn i elva, fordi det ikkje er sett krav om minstevassføring frå det regulerte Vingevatnet. Dette kan bli endra ved revisjon av konsesjonsvilkåra for Svelgen-kraftverka. Det er noko lauv- og furuskog i fjellsida sør for Vingepollen og inn i Sjødalen. Områda ved sjøen kring helleristingsfelta i Vingen og på Vingeneset vil gro att dersom det ikkje vert gjennomført beiting og andre skjøtselstiltak.

Nede ved fjorden er på sørsida av Vingen lauvskog ned til fjorden i den vestre delen, medan det inst i Vingepollen er svært gamal kulturmark som har vore intensivt nytta av det nedlagde gardsbruket i Vingen. Ovafor er det stupbratt berg opp mot fjellet på ca. 500 moh og fjellplataet her, med toppen av Nordre Vingekvarven som høgste punkt 940 moh. På nordsida er det glattskura og bratt berg og ur med noko samlingar med lauvtre på hyllene. Unntaket er Vingeneset som er relativt flatt opp til ca. 20 moh. På Vingeneset er det ei blanding av lauvskog og furuskog som held på å gro att, noko som vil kunne vere eit trugsmål mot helleristingane her.

I kartlegginga sommaren 2021 vart det identifisert 10 naturtypelokalitetar, og av desse fekk tre lokalitetar verdi A - svært viktig. Desse tre lokalitetane ligg nordvendt (Vingen sør, Sördalen sør og Sördalen aust), og vart kartlagde som nordvendte kystberg.

Beskriving av artar

Området var fram til sommaren 2021 dårleg dårleg undersøkt m.o.t. sjeldne og truga artar i Vingen landskapsvernområde. Artskartlegging vart gjort sommaren 2021 av Miljøfaglig Utredning (sjå vedlegg "Artsmangfald og naturtypar i Vingen landskapsvernområde, Bremanger kommune").

I dei nordvende sidene sør for Vingepollen vart det funne rike førekomstar av hinnebregne (kjenneteiknande art), og store bestandar av fossegrimemose (2015: VU, 2021: EN) og praktdraugmose ((2015:NT, 2021: VU). Bestandane av fossegrimemose og praktdraugmose er så store at dei er nasjonalt viktige. Hinnebregne er den mest oseaniske av alle norsk karplantar, noko som vil seie at ho krev stabil høg luftfuktigheit, lite frost og lite uttørking.

Gauk, fiskemåse, heipiplerke, gråsisik, kongeørn, havørn, strandsnipe, tjeld og svartbak er fuglar som er sett i området. Oter finst også ved Vingen.

Beskriving av raudlisteartar

Fiskemåse *Larus canus* (VU) er i området.

Gauk *Cuculus canorus* (NT) er i området.

Tjeld *Haematopus ostralegus* (NT) er i området.

Oter *Lutra lutra* (VU) vart sett i området i 2021.

Fossegrimemose *Herbertus stramineus* (2015: VU, 2021: EN). Førekomstane av fossegrimemose i Vingen er kanskje ein av dei best attverande lokalitetane for denne arten i Noreg. Arten er sårbar for alle typar arealinngrep.

Prakttraugmose *Anastrophyllum donnianum* (2015:NT, 2021: VU). Prakttraugmose er ein sterkt oseanisk art knytt til nordvende heiar, og er sårbar for attgroing og heving av skoggrensa.

Beskriving av geologi

Berggrunnen består av devonsk sandstein, avsett lagvis i eit kontinentalt basseng rett etter den kaledonske fjellkjedefoldinga. Området er bratt og med mange hyller i

bergrunnen av sandstein. Fleire stader er det mektige urer ned mot sjøen og flatare lende nede ved fjorden. Her er mange steinblokkar av ulik storleik, det meste truleg rasmateriale. Landskapet er forma av bre-isen si skuring mot berget. Det er få og små avsetningar frå istida. Den største konsentrasjonen av helleristingar i Vingen er på ein naturleg terrasse i dalsida ca. 8 m over noverande havnivå på sørsida av Vingepollen.

Klimaendring

Klimaendringar kan føre til større erosjon på helleristingane, og til at området veks til med meir skog og annan vegetasjon, noko som kan vere til skade for helleristingane.

Annan negativ påverknad

At vatnet i elva inst i Vingepollen er borte pga regulering av Vingevatnet er den største negative menneskelege påverknaden i nyare tid i området.

Det vil vere svært uheldig om det gamle kulturlandskapet med helleristingane i Vingen og på Vingeneset gror att, og området vert difor beita kvar sommar som ein viktig del av skjøtselen i området, som eit forvaltningstiltak for kulturminna.

Ferdsel utanom dei tilrettelagde stiane av større turistgrupper vil også vere uheldig. For helleristingane er erosjon, trakk og slitasje uheldig. Det har i siste halvdel av 1900-talet vore episodar med hærverk på helleristingar i Vingen.

Tilleggsopplysningar

Det har tidlegare vore ein merkt sti frå Svelgen til Vingen, men denne er nedlagt og ikkje i bruk etter vedtaket om områdefreding etter kulturminnelova i 2001. Vedtaket om områdefreding etter kulturminnelova medførte at det vart ferdselsforbod i store delar av, og då dei mest brukte delane, av Vingen landskapsvernområde.

Brukshistorie

Vingen (VV00000574)

Eigarstruktur

Eigarstrukturen i Vingen landskapsvernområde er komplisert. Grunneigarar er:

Gnr/bnr 77/1 Rolv Vingelven/Kristin Farestveit (lengst vest på sørsida av Vingepollen)

Gnr/bnr 78/1, 78/2 og 78/6 Svelgen Kraft (gjeld heile austre del av landskapsvernområde på b e sider av Vingepollen)

Gnr/bnr 78/3 (p a s orsida av Vingepollen) Universitetsmuseet i Bergen (g ave fr a Signe Hanson hausten 2020)

Gnr/bnr 78/4 (Vingeneset) Tor Hanson

Gnr/bnr 78/5 Universitetsmuseet i Bergen (Avl ysinga)

Gnr/bnr 78/7 Universitetsmuseet i Bergen (Vingen)

Gnr/bnr 78/8 Universitetsmuseet i Bergen (kring Avl ysinga med Vingebu og kaien)

Eigarar av hytte i Vingen (feste fr a Universitetsmuseet i Bergen): Rune Vingen, Magne Tore Vingen og Ingvild Vingen Vedeld

Verneprosessen

Vingen landskapsvernomr ade vart oppretta etter vanleg offentleg h oyring, med vedtak i kgl.res. 19.06.1980.

Omr ade med restriksjonar

Etter oppretting av omr adevern etter kulturminnelova i 2001 vart det innf ort ferdselsforbod i kulturminnedelen av omr adet, dvs. omr adet med helleristingar. Denne omr adefredinga dekkjer heile den vestlege delen av landskapsvernomr adet opp til ca. ca. 400 moh i s or, og 600 moh i nord. F oresegnene for kulturminneomr adet er strengare enn reglane i landskapsvernomr adet, og kjem difor i tillegg til desse. Der reglane i forskrifta for kulturminneomr adet i Vingen er strengare enn for landskapsvernomr adet, g ar dei framom reglane for reglane for landskapsvernomr adet.

Grensa til verneomr adet

Grensa for landskapsvernomr adet g ar fram av vernekartet. Knekkpunkta i grensene for landskapsvernomr adet vart merkt i 1986. Nokre punkt vart retta og nymerka i 2004 (i vest, s or

for Vingepollen). I sør grensar Vingen landskapsvernområdet på ei kortare strekning til Gaddeskogsvatnet naturreservat.

Brukshistorie

Helleristningane i området vart laga mellom år 6900-6200 før i dag. Det finst omfattande samtidige kulturspor i undergrunnen. Desse kulturspora er restar lagt att av dei som laga bergkunsten.

Folk har budd i Vingen og levd av kombinasjonen mellom landbruk og fiske i mange hundre år. Dei siste som budde i Vingen var Thue og Johanne Vingen som flytta i 1933. På garden Vingelven vest for landskapsvernområdet bur det framleis folk heile året.

Landbruk

Innmarka til den nedlagde garden Vingen er skrinn og består berre av små jordlappar der det har vore dyrka mat til eigen bruk (er ikkje klassifisert som innmark i dag). I tillegg levde garden av husdyr på beite og av fiske. Vingelven gard har år om anna utført plukkhogst i landskapsvernområdet på sin eigedom (lengst i vest).

Reindrift

Det er ikkje reindrift i området.

Friluftsliv

Det har vore ein delvis merkt sti frå Svelgen til Vingen, men denne er ikkje lenger i bruk. Det er ikkje aktuelt å leggje til rette for friluftsliv i Vingen pga forbod mot ferdsel i området som vart freda etter kulturminnelova (vestre og lågareliggjande delar av landskapsvernområdet).

Hornelen er eit nasjonalt viktig turmål (merkt og tilrettelagd sti), med flott utsikt til Vingen frå toppen.

Jakt og fiske

Det er hjortejakt i Vingen landskapsvernområde utanfor (aust og sør for) det freda kulturminneområdet i Vingen. Tilkomst skjer frå kaien i Vingen (då gjennom området med ferdselsforbod) og frå Vingevatnet i aust.

Reiseliv

I området som er freda etter kulturminnelova, er det innført ferdselsforbod. For turistar er det høve til å søke dispensasjon frå forbodet under føresetnad av at det er autorisert guide med under besøket. Det har i fleire år vore omvising for guida grupper i delar av kulturminneområdet, dvs. helleristingane, etter løyve Vestland fylkeskommune (brev av 07.05.2020) til Bremanger kommune. Utdanna guidar står for omvisingane. Bremanger kommune koordinerer desse guida turane.

Kommunen har fått delegert ansvar frå fylkeskommunen til guiding gjennom sommarsesongen. Å ha med seg autorisert guide er eit premiss for å besøke Vingen. Kommunen driv i dag eiga opplæring av guidane sine. Bremanger kommune

har eit rammeløyve til å gjennomføre guida turar til Vingen i publikumsområdet gjennom sesongen tre dagar i veka. Når det er betre tid enn når turistane kjem med kystvegekspressen, kan besøksområdet utvidast til også å gjelde:

Kålrabisteinen, Brattbakken og Vehammaren. Det kan vere med inntil 20 personar per guide, og maks to guidar. Løyvet gjeld for sesongen 15.04.2020 -15.09.2023. Kommunen fører årleg statistikk over kor mange som kjem. Besøkstala ligg på mellom 100-400 personar gjennom sesongen.

I 2020 var det fullt på alle turane til Vingen og det har i alt vore 431 besøkande (elevane besøkte ikkje Vingen i 2020 på grunn av koronapandemien). Bremanger kommune gjer årleg avtale med fylkeskommunen om faste stogg med ekspressbåten frå Florø/Smørhamn kvar fredag ettermiddag frå midten av juni til midten av august. Kommunen har ønskt fleire stogg med båten i veka, men det har så langt ikkje late seg gjere.

Oppsynet skal varslast i god tid før kvar enkelt tur.

Forskning og undervisning

Skuleklassar frå Bremanger kommune har omvising ein gong i løpet av dei 10 åra på skule. Dette skjer til vanleg i 5. eller 6. klasse. Turane går til vanleg ann kvart år, og då baae klassetrinna.

Det er omfattande forskning på helleristingane i Vingen ved Universitetsmuseet i Bergen. Riksantikvaren har løyvd relativt store midlar til forskning og ivaretaking av helleristingane bl.a. gjennom Bergkunstprosjektet (1996-2005) og bevaringsprogrammet for bergkunst (2011-2020). Klima- og miljødepartementet (KMD) har gjennom st.melding 16 (2019-2020)

nye mål i kulturminnepolitikken at ein framover vil gå frå bevaringsprogram til bevaringsstrategiar.

Kulturminne

Det er svært mange og verdfulle kulturminne i Vingen landskapsvernområde, og heile den vestlege delen er difor områdefreda etter kulturminnelova § 19. Dei viktigaste kulturminna er

– Helleristingar, meir enn 2200 figurar (men det vert stadig oppdaga nye): Vingen er med det den nest største konsentrasjonen av helleristingar frå steinalderen i Noreg etter Alta. Helleristingane vart «oppdaga» i 1910 av Kristian Bing (dei som budde i Vingen kjende til ristingane allereie på 1880-talet), som publiserte funna i 1912. Dei fleste helleristingane er på sørsida av Vingepollen; medan om lag 150 er på Vingeneset. Noko av det spesielle med helleristingsfeltet i Vingen er at landskapet omkring er tilnærma intakt, dvs. det same som då helleristingane vart laga for ca. 6900-6200 år sidan. Området er også eit eineståande døme på bruk gjennom nærare 7000 år, i nokre periodar kontinuerleg, andre sporadisk og fleire periodar utan bruk.

Det er også helleristingar utanfor landskapsvernområdet, m.a. i Vingelven og på Hennøya som bådø ligg vest for landskapsvernområdet.

- Nyare kulturlandskap: Området har lange tradisjonar når det gjeld fast busetnad og jordbruksdrift. Lite og næringsfattig jordsmonn med stort innhald av steinblokkar har gjort at det er mange rydningsrøyser og oppbygde terrassar. På 1700- og 1800-talet vert det fortald at inntil 16 familiar levde her av jakt, fiske og jordbruk.

- Gamal kulturmark og restar av garden i Vingen: Garden Vingen ligg inst i Vingepollen, og vart truleg rydda på 1600-talet, men låg brakk frå slutten av 1600-talet fram til tidleg 1700-talet. Frå 1719 var gardsbruket i Vingen i drift fram til 1933. Her er mange spor etter jordbruksdrift med steinmurar frårydding av åkerland og murar/tufter frå gamle små og store bygningar.

Bygg og installasjonar

Det er følgjande bygningar og anlegg i landskapsvernområdet:

- Vingebru (freda i 2015 som ein del av landsverneplanen for statleg eigde bygningar)
- To naust i Vingen, om lag 200 meteraust for Vingebru, med opptrekk (båtstø) i stein
- Ei nyare hytte (fabrikkløft) i Vingen
- Ei gammalt trehus i Vingen
- Ein kai ved Vingebru

Infrastruktur

Det er ein kai i Vingen, som er avgjerande for tilkomst til området. Kaien ligg på sørsida av Vingepollen, ved Vingebru. Det er ikkje mogleg å gå rundt Vingepollen.

All ferdsel inn i landskapsvernområdet går via kaien, med unntak av dei som har (festar) hytta aust for kaien (ved dei to nausta). På Vingeneset er det ikkje kai, og det er vanskeleg å leggje til land, men mogleg for av- og påstiging. Det er to båttopptrekk (båttø), eit til kvart av nausta i Vingen (på sørsida av Vingepollen).

Motorferdsel

Det er inga motorferdsel i landskapsvernområdet. Tilkomst skjer med motorbåt.

Forvaltning

Vingen (VV00000574)

Innleiing

Statsforvaltaren i Vestland har forvaltningsansvaret for Vingen landskapsvernområde. Fordi det er områdefreding etter kulturminnelova i eit kjerneområde kring Vingepollen som også er landskapsvernområde, samarbeider Statsforvaltaren med kulturminnestyresmaktene i Vestland fylkeskommune om forvaltninga, med faglege råd frå Universitetsmuseet i Bergen. Når saker gjeld lover og forskrifter der Bremanger kommune har mynde, samarbeider Statsforvaltaren med kommunen.

landskapsvernområdet skal forvaltast i tråd med verneforskrifta. Verneforskrifta inneheld reglar om kva som er forbode. Unntak frå vernereglane skal skje etter § 48 i naturmangfaldlova som frå 1. juli 2009 erstatta pkt. V i verneforskrifta («Miljøverndepartementet kan gjere unntak frå vernereglane for vitskapelege formål, tiltak av vesentleg samfunnsmessig verd eller i særlege tilfelle når det ikkje strir mot formålet med vernet»). I § 48 i naturmangfaldlova står det:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.»

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer for handsaming av eventuelle dispensasjonssaker.

Forvaltningsplanen er samordna med tilsvarande forvaltningsplan og skjøtselsplan for helleristingane og andre kulturminne i området som Sogn og Fjordane fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) har vedteke. Fylkeskommunen vil starte med revisjon av planane i 2021, og Statsforvaltaren vil bidra i planarbeidet.

Det vert årleg gjennomført forvaltningsmøte om vinteren, og ei skjøtselssamling i Vingen på forsommaren der alle aktuelle etatar deltek. Statens naturoppsyn er med på forvaltningsmøtet og skjøtselssamlinga.

Bevaringsmål

ID	Tekst for bevaringsmål	Tilstandsvariabel	Målt tilstand	Oppretta	Synleg fe
VV00000574 + 9733	Det skal vere minimalt med einstape i skjøtselsområdet på Vingeneset for å fremje godt beite. Godt beite er viktig for å ta vare på bergkunsten og kulturlandskapet.	PRPA Problemarter	Dårlig	23.03.2021	https://natstat.miljodirektoratet.no/Area/Fact
VV00000574 + 9734	Det skal vere minimalt med tistel i skjøtselsområdet i Vingen. Godt beite er viktig for å ta vare på bergkunsten og kulturlandskapet.	PRPA Problemarter	Dårlig	23.03.2021	https://natstat.miljodirektoratet.no/Area/Fact

Tiltaksplan

ID_TILTAK	PRI	Beskriving	Kategori	Bevaringsmål	Dato innlagd	Dato Internt ferdig opphav
ID_TILVV00000574_000000001	1	Årleg skjøtsel med å fjerne einstape på Vingeneset. Lyngbrenning årleg viss mogleg m.o.t tryggleik. Vert gjort for å fremje godt beite. Godt beite er viktig for å ta vare på bergkunsten og kulturlandskapet.	Beit og/eller brenning av lyng	Ikkje valt	24.03.2021	

ID_TILTAK	PRI	Beskriving	Kategori	Bevaringsmål	Dato innlagd	Dato Internt ferdig opphav
ID_TILVV00000574_000000002	2	Årleg skjøtsel med å fjerne tistel i skjøtelsområdet i Vingen. Godt beite er viktig for å ta vare på bergkunsten og kulturlandskapet.	Beit og/eller brenning	Ikkje valt	24.03.2021	

Skjøtelsplan

Planen er innarbeidd som ein del av forvaltingsplanen

Besøksforvaltning

Planen er innarbeidd som ein del av forvaltingsplanen

Forvaltningsutfordringar

Dei viktigaste forvaltningsutfordringane gjeld stell av helleristingane, skjøtsel av vegetasjon for å hindre attgroing, ulovleg besøk (jf. forbodet mot ferdsel utanom organiserte grupper med guide).

Skjøtsel

Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidde i 2002 ein skjøtelsplan for området som er freda etter kulturminnelova. Statsforvaltaren har gitt innspel til gjeldande plan, og vil gi innspel til den reviderte planen. Dette legg eit godt grunnlag for skjøtelsen i området. Fylkeskommunen ved kulturavdelinga har ansvar for vegetasjonsskjøtsel i kulturminneområdet, og Statsforvaltaren vil bidra med kunnskap. Det er ikkje aktuelt med skjøtsel utanom området som er freda etter kulturminnelova. Det er såleis ikkje behov for ein eigen skjøtelsplan for dei andre delane av landskapsvernområdet. Vestland fylkeskommune vil hausten 2021 setje i gang arbeidet med å revidere skjøtelsplanen frå 2002 og forvaltningsplanen frå 1996 (utarbeidd av Arkeologisk institutt ved Universitetet i Bergen) for Vingen kulturminneområde, og då slå dei to dokumenta saman til ein plan.

Kvart år frå medio mai til medio september beitar sauer både på Vingeneset og i Vingen som oppfølging av skjøtelsplanen. Åse Leirgulen er saueeigar. Å fjerne tistlar, einer og innført platanlønn (svartelista art i Noreg) har vore hovudmål når det gjeld skjøtsel på sørsida av Vingepollen dei siste 10 åra. Dette for at området skal vere eit godt beiteområde for sau for å halde vegetasjonen nede. På Vingeneset har det desse åra vore fokus på å fjerne buskar og tre

saman med einstape, slik at området vert meir attraktivt som sauebeite. Eit gjerde for å halde sauene på Vingeneset vart sett opp tidleg på 2000-talet, for å auke beitepresset her. Det har vore gjennomført lyngbrenning på Vingeneset år om anna sidan 2013 for å halde vegetasjonen nede. Dette skjer alltid i god avstand frå helleristingane for at dei ikkje skal ta skade, og lyngbrenninga har vore gjennomført i samarbeid med Mons Kvamme som er nasjonal koordinator for lyngbrenning.

Besøksforvaltning

Sidan det er ferdselsforbod i området med freding etter kulturminnelova, er det ikkje behov for ein eigen besøksforvaltningsplan. Styresmaktene har dessutan god oversikt over og kontroll med ferdsla i området gjennom ordninga med dispensasjon til organiserte turar og omvising i grupper med guide i kulturminneområdet. Det er difor ikkje utarbeidd ein eigen besøksforvaltningsplan. Den regulerte ferdsla som skjer no gjennom den guida rundturen i delar av helleristingsfeltet, er ikkje eit problem for landskapsvernet. Fylkeskommunen har dei siste åra registrert aukande interesse for å kome på besøk i Vingen.

Alt besøk til Vingen skjer via kaien i Vingen, rett ved Vingebru. Unntaket er festarane av hytta lenger aust, som går direkte til båtstø ved naustet der. All informasjon og informasjonstavler skal vere i tilknytning til kaien.

Det har vore nokre ulovlege besøk ved at båtar har ankra opp ved kaien. Ferdselsforbodet gjeld i høve til kulturminneforskrifta, ikkje forskrifta for landskapsvernområdet.

Tilrettelegging for publikum: Forvaltningsplanen frå 1996 (Arkeologisk Institutt ved Universitetet i Bergen) gjekk inn for å leggje til rette for besøkande med ein tursti gjennom delar av helleristingsfeltet i Vingen. Denne turstien er blitt brukt for besøkande sidan då, og turen tek 1-1,5 timar med formidling undervegs. Denne ruta gjev ei god innføring i helleristingane i Vingen, samstundes som sårbar område vert skjerma.

Naturmangfaldlova

Verneforskrifta for Vingen landskapsvernområde er frå så langt tilbake som 1980, og er difor på mange område ikkje oppdatert i høve til situasjonen i dag. Dette er likevel ikkje eit stort problem i det daglege fordi kjerneområdet er freda etter kulturminnelova som såleis ivaretek sentrale utfordringar.

Likevel bør det setjast i verk revisjon av verneforskrifta for Vingen landskapsvernområde slik at ho vert oppdatert i tråd med standard verneforskrift for landskapsvernområde.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II kjem til bruk ved utøving av offentleg myndigheit og må vurderast når ein gjer vedtak etter verneforskrifter. Dei miljørettslege prinsippa gjeld kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), kostnader ved miljøforringing ligg til tiltakshavaren (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Prinsippa er ikkje sjølvstendige vedtaksheimlar, men ein skal leggje dei til grunn som retningslinjer når ein tek avgjerder som rører ved naturmangfald etter andre føresegner. Det vil seie at prinsippa skal vere ein del av vurderinga både ved vedtak med heimel i spesifiserte

dispensasjonsføresegner i verneforskrifter og ved vedtak etter naturmangfaldlova § 48. Ifølgje naturmangfaldlova § 7 skal det gå fram av vedtaket korleis ein har vurdert prinsippa.

Meir informasjon:

Rundskriv frå Miljødirektoratet om forvaltning av verneforskrifter, kapittel 5.2

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M106/M106.pdf>

Rettleiing frå Klima- og miljødepartementet om naturmangfaldlova kapittel II

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/naturmangfoldloven-kapittelii/id2481368/?q=naturmangfoldloven>

Verneforskrift URL

<https://lovdata.no/forskrift/1980-05-09-3>

Sentrale føringar

Den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48:

Naturmangfaldlova § 48 gir forvaltingsstyresmakta heimel til å gi dispensasjon frå verneforskrifta i tre alternative tilfelle: dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, dersom tryggleikssyn gjer det nødvendig, eller dersom vesentlege samfunnsomsyn gjer det nødvendig. Føresegna skal vere ein tryggleiksventil for tiltak ein ikkje kunne føresjå, eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje blei vurderte på vernetidspunktet. Første alternativ dekkjer tilfelle der verneformål og verneverdiar toler enkeltstående avvik frå verneføresegnene, og er i utgangspunktet meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyringar. Dispensasjonsføresegna i § 48 er ein kan-regel. Det vil seie at sjølv om vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylte, er det ingen som har krav på dispensasjon. Det er nødvendig med ei breiare vurdering av om ein bør gi dispensasjon. Meir informasjon:

Rundskriv frå Miljødirektoratet om forvaltning av verneforskrifter, kapittel 7

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Januar-2014/Rundskriv-omforvaltning-av-verneforskrifter/>

Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta

Tema	Forskriftsreferanse	Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta
Inngrep (i forskrifta kalla Tekniske inngrep)	VI, 1	Landskapet i Vingen er svært sårbart for inngrep, og eventuelle nye inngrep vil såleis syne godt i Vingen landskapsvernområde. Terskelen for kva for tiltak som «kan endre det vernede landskapets særpreg eller karakter vesentlig» er såleis låg. Det er difor ein streng praksis på inngrep i landskapsvernområdet. Inngrep som har fått løyve, er knytt til infrastrukturen, dvs. kai og oppsynsbu (Vingebu).
Motorferdsel	IV, 2	Motorferdsel er forbode i landskapsvernområdet. Det har ikkje vore søknader om motorferdsel, og motorferdsel er såleis ikkje noko problem i landskapsvernområdet. Det vil også framover vere ein streng praksis m.o.t. motorferdsel. Landing med motorbåt er tillate etter verneforskrifta, men kulturminnevernet gjer at det ikkje er lov å gå i land.
Friluftsliv, jakt, fiske, telting	IV, 3	Då det er ferdseisforbod i store delar av landskapsvernområdet (i kulturminneområdet), vert det ikkje utøvd vanleg friluftsliv i området. Det er ikkje aktuelt å leggje til rette for friluftsliv i området. Den gamle stien frå Svelgen over fjellet, som går inn i landskapsvernområdet/ kulturminneområdet frå vest og som er vist på gamle turkart, er i dag attgrodd og ikkje mogleg å følgje. I dei øvre (austlege) delane av landskapsvernområdet er ferdseis tillate, jf friluftsliva. Verneforskrifta for landskapsvernområdet har ikkje forbod mot ferdseis. Det er hjortejakt i Svelgdsdalen vald som m.a. omfattar gnr/bnr 78/1 og 78/2 som tilhøyrer Svelgen kraft. Bedriftsjaktlaget til Svelgen Kraft jaktar her. Etter pkt II.1. i forskrifta om freding etter kulturminnelova er det lagt inn eit unntak frå ferdseisforbodet, då «grunneigar og andre som har eigedom eller særskilde bruksrettar i området kan bruke området som før». Jaktlaget har under jakt gått gjennom området frå sjøen til fjellområda. Hjortejakta har til tider vore konfliktfylt i høve til beitinga i Vingen, som skjer som ein del av naudsynt skjøtsel mot attgroing. Då det er ferdseisforbod i kulturminneområdet, ønskjer ikkje kulturminnestyresmaktene å leggje til rette for betre tilkomst frå sjøen for hjortejakta, då det vil invitere til besøk. Dersom jaktlaget for Svelgdsdalen meiner at dei treng løyve for ilandstiging og ferdseis

Tema	Forskriftsreferanse	Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta
Reiseliv og tilrettelegging av turstirute for besøkande	IV, 3	<p>når dei jaktar, må dei søkje om det etter forskrifta for Vingen kulturminneområde, t.d. for å kunne gå i land og ferdast i ein korridor/sti gjennom området. Ein slik søknad vert avgjort av kulturminnestyresmaktene etter forskrifta om freding etter kulturminnelova, og ikkje etter forskrifta for Vingen landskapsvernområde. Etter verneforskrifta for landskapsvernområdet kan departementet setje forbod mot telting og leirslåing og fastsetje nærare reglar om ferdsla dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt. Dette har departementet ikkje gjort. Alle ferdsel i kulturminnedelen av landskapsvernområdet vert regulert etter forskrifta for kulturminneområdet i Vingen, då det er ferdselsforbod i området med freding etter kulturminnelova. Telting og leirslåing den vestlege delen av landskapsvernområdet er såleis ikkje aktuelt som følgje av forbodet mot ferdsel etter forskrifta for kulturminnefreding. Telting er ikkje eit problem i landskapsvernområdet i dag, korkje i kulturminneområdet eller andre stader der telting ikkje er forbode. Slik situasjonen er no, er det ikkje aktuelt med fleire reglar for å regulere ferdsla i landskapsvernområdet.</p> <p>Statsforvaltaren meiner ein bør byggje på røynslene med den turiststiruta som har vore brukt sidan 1996 gjennom helleristingsfeltet, og går inn for å halde fast ved denne inntil vidare. Det kan kome utfordringar som gjer det naudsynt å endre ruta, og fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt vil i så fall kome med framlegg til endringar som vi vil vere opne for. Turstien gjev ei god innføring i helleristingane i området, samstundes som viktige helleristingar vert skjerma for slitasje. Bremanger kommune i samarbeid med kulturavdelinga har faste guidar som tek med turistgrupper på inntil 20 personar og skuleklassar for å fortelje om kulturminna i Vingen. Dette er ei god ordning, men det er rom for fleire besøk. Det har dei siste åra vore aukande interesse for å besøke Vingen, og Bremanger kommune gjer årleg avtale med fylkeskommunen om faste stogg med ekspressbåten frå Florø/Smørhamn (og som går til Selje) kvar fredag ettermiddag frå midten av juni til midten av august. Ein turistguide er då med på ei omvising som tek om lag ein time. Ordninga med turistguide(-ar) som har med seg grupper på</p>

Tema	Forskriftsreferanse	Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta
Forskning og undervising	IV, 4	<p>omvising fungerer godt. At skuleklassar besøker Vingen med guide er viktig for skape lokal tilknytning til Vingen.</p> <p>Det er eit etablert samarbeid mellom Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune, Bremanger kommune og Universitetsmuseet i Bergen (tidlegare Historisk Museum) om forskning og undervising i Vingen. Universitetsmuseet gjennomfører årleg feltarbeid i området, der dei brukar Vingebru som forskingsstasjon i medhald av avtale med Statsforvaltaren. Bremanger kommune følgjer opp vedlikehald av kaien i Vingen slik at ein kan kome i land. Alle (vedlikehalds-)tiltak i tilknytning til kulturminneområdet skjer i samarbeid mellom etatane. Bremanger kommune har guidar som tek med seg grupper (turistar og skuleklassar) på omvising i Vingen. Guidane har fått opplæring av Universitetsmuseet. Dette er gode ordningar som bør halde fram. Sjå og punkt 4 om "Reiseliv og tilrettelegging av turstirute"</p>
Bruk av nyare hytte og to naust	IV, 1	<p>Hytte: Etterkomarar av Torbjørn Vingen, som døyddde i juni 2018, eig og nyttar ei hytte som sommarferiestad. Torbjørn Vingen sette opp hytta før vedtaket om oppretting av landskapsvernområde. Hytta står på Universitetsmuseet sin eigedom om lag 300 m aust for kaien, på staden der det gamle gardsbruket i Vingen låg. Torbjørn Vingen hadde festekontrakt for hytta fram til 1997. Opphavleg var meininga at bruken som sommarferiestad skulle ta slutt når Torbjørn Vingen gjekk bort. I 2018 inngjekk familien Vingen og Universitetsmuseet ein 10-årig festeavtale om at bruken dei har av sommarhytta si kan halde fram ut 2028. Dersom Vingenfamilien då ikkje vil fjerne hytta, vil Universitetsmuseet i samråd med kulturminnestyresmakta og Statsforvaltaren avgjere kva som skjer med hytta og tilhøyrande steinnaust. Naust: Det står to naust ved tuftene frå gardsbruket i Vingen. Det eine naustet er eit gamalt steinnaust som familien Vingen disponerer så lenge dei kan bruke hytta i Vingen (ut 2028). Universitetsmuseet har eit nyombygd steinnaust som står like austanfor. Det nyombygde naustet har vore forsøkt innreidd til</p>

Tema	Forskriftsreferanse	Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta
Avfall	IV, 1	<p>overnatting, men fukt og andre tilhøve har gjort det ueigna til dette. Naustet har difor ikkje vore brukt til overnatting på fleire år. Universitetsmuseet saman med kulturminnestyresmakta avgjer framtida til det nyombygde naustet. Det eldste naustet er i god stand og har behov for vanleg vedlikehald.</p> <p>Det vert rydda avfall som ligg langs stranda og i terrenget på det årlege skjøtselsmøtet, men då mest i dei lettast tilgjengelege områda. Det er naudsynt å gå over strandsona for søppel år om anna, særleg inst i Vingepollen. Alt avfall i Vingen vert frakta ut av området og levert på forsvarleg måte.</p>
Arrangement	Ingen punkt i verneforskrifta om arrangement	<p>Det er ikkje ønskeleg med større arrangement i Vingen. Ulike lag og organisasjonar, m.a. lokalavdelingar i Sogn og Fjordane Turlag har enkelte år hatt organisert tur til området, etter å ha søkt og fått løyve til dette (etter forskrifta for Vingen kulturminneområde). Dei har då følgt vanleg (bestilt) omvising med turguide frå Bremanger kommune. Dette er uproblematisk.</p>
Bål	Ingen punkt i verneforskrifta om bål	<p>Det er ingen punkt i verneforskrifta for landskapvernområdet som omtalar bålbrenning, men departementet kan setje forbod mot telting og leirslåing og fastsetje nærare reglar om ferdselen. I og med ferdselsforbodet etter forskrifta for kulturminneområdet har bålbrenning ikkje vore ei problemstilling og utfordring i Vingen. Av omsyn til faren for at ein brann skal øydelegge helleristingane, er bålbrenning sterkt å frårå i Vingen. Ved ulovleg ilandstiging og ferdsel kan bålbrenning verte eit problem, men det har ikkje kome meldingar om dette.</p>
Geocaching og andre fritidsaktivitetar	IV, 3	<p>Det er ingen punkt i verneforskrifta for landskapsvernområdet som omtalar geocaching og andre fritidsaktivitetar, men departementet kan setje forbod mot telting og leirslåing og fastsetje nærare reglar om ferdsel. Gjennom forbodet mot ferdsel etter forskrifta for kulturminneområdet, er Vingen skåna for mange fritidsaktivitetar som kunne vore aktuelle, og som ville kunne gjere skade på helleristingar. Dette gjeld m.a. geocaching, bruk av drone og bruk av sykkel m.m..</p>

Tema	Forskriftsreferanse	Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta
Landbruk, beiting, hogst	IV, V (§48 i naturmangfaldlova)	<p>Det er ikkje ønskjeleg med slike aktivitetar i området.</p> <p>Det er ikkje landbruksdrift i Vingen landskapsvernområde, men beiting er tillate. Etter forskrifta om freding av Vingen som kulturminneområde er fredinga ikkje til hinder for skjøtsel og beiting som held kulturlandskapet i stand, føresett at det ikkje endrar området sin karakter eller har negative konsekvensar for dei automatisk freda kulturminna (fredingsforskrift pkt II,2). Situasjonen i dag er at det vil vere svært uheldig om det gamle kulturlandskapet med helleristingane i Vingen og på Vingeneset gror att, og området vert difor beita kvar sommar som som eit forvaltningstiltak. Beiting er såleis eit skjøtselstiltak som er ønskjeleg for å hindre atgroing av kulturminna. I tillegg vert det rydda vegetasjon i nokre utvalde område av omsyn til kulturminna, og fjerna framande artar, t.d. platanlønn. Det er ikkje forbod mot hogst så fremt det ikkje endrar landskapet sin art eller karakter. Plukkhogst er såleis tillate, men hogstflater større enn 5 da må ha særskilt løyve etter § 48 i naturmangfaldlova. Det er lov å ta ut ved til eigen bruk. Skjøtselshogst kan bli gjennomført av forvaltingsstyresmaktene som eit ledd i å ta vare på kulturminna og helleristingane i området.</p>

Verneområde med felles grense

Gaddeskogsvatnet naturreservat grensar til Vingen landskapsvernområde grensar i sør til Gaddeskogsvatnet naturreservat over ei strekning på ca. 800 meter. Naturreservatet vart oppretta 6.12.2019 gjennom ordninga med frivillig skogvern.

Tilleggsopplysningar

Forvaltningsmøte

Alle partar som er involverte i forvaltninga av Vingen landskapsvernområde og Vingen kulturminneområde møtast to gonger i året. På seinvinteren vert det halde eit forvaltningsmøte der ein går gjennom fjoråret og planlegg (sommar-)sesongen som

kjem. På forsommaren vert det halde ei skjøtselssamling i Vingen med innlagt skjøtelsesarbeid og gjennomgang av forvaltningsutfordringar.

Med på forvaltningsmøtet på seinvinteren er Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen, Bremanger kommune, Statens naturoppsyn og beitedyreigar. Det lokale oppsynet representert ved Anja og Rolv Vingelven vert også inviterte til møtet. Grunneigarane er også inviterte. På møtet planlegg ein m.a. den årlege skjøtselssamlinga som skjer over to dagar i Vingen. Forvaltningsmøtet og skjøtselssamlinga er viktige for å ivareta verneverdiane i Vingen. Svelgen Kraft, der SFE Produksjon er største eigar, ønskjer å delta på det årlege forvaltningsmøtet, og vil i framtida bli invitert.

Oppsyn

Statens naturoppsyn står for oppsynet i Vingen. Dette skjer i samarbeid med Rolv og Anja Vingelven som bur i Vingelven like ved. Gjennom beitinga som Åse Leirgulen står for, følgjer ho også med på kva som skjer i området. Turistguidinga som Bremanger kommune har i Vingen, gjev også viktig informasjon, og er eit godt høve til å følgje med på kva som skjer i området. Kystvakta held og oppsyn med området ved at dei køyrer jamleg forbi Vingen.

Festarane i Vingen har òg hjelpt til med å rettleie folk som ikkje skal opphalde seg i Vingen.

Statsforvaltaren meiner oppsynet fungerer rimeleg godt med dei ordningane ein har i Vingen pr. i dag.

Kunnskapsgrunnlag

Vingen (VV00000574)

Forfatter	År	Tittel	Utgjevar	Kopling
Trond Løvdøen og Gro Mandt	2012	Vingen – eit naturens kolossalmuseum for helleristningar	Akademika	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	2008	Bergbileta i Vingen, brosjyre	Sogn og Fjordane fylkeskommune	
Ingvild Austad	1981	Skjøtselsplan for Vingen landskapsvernområde	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Melanie Wrigglesworth	2002	Skjøtselsplan for Vingen kulturminneområde	Sogn og Fjordane fylkeskommune	
Gro Mandt og Kirsti Haugen Riisøen	1996	Forvaltningsplan for Vingen	Universitetsmuseet i Bergen	
Mons Kvamme og Liv Guri Velle	2015	Landskapspleie Vingenaset	Lynghesenteret på Lygra	
John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet	2021	Artsmangfald og naturtypar i Vingen landskapsvernområde, Bremanger kommune. Rapport MU2021-36	Miljøfaglig Utredning	

Vedlegg

Vingen (VV00000574)

Filvedlegg

Type	Lagt til	Tema	Eksternt opphav	Internt opphav	Størrelse
	10.05.2021	Verneforskrift for Vingen landskapsvernområde 05.09.1980	Lovdata (Regjeringen)		633 Kb
	10.05.2021	Riksantikvaren brev freding kulturminneområde 2.11.2001	Riksantikvaren 2. november 2001		695 Kb
	26.04.2021	Kulturminne - fredingsforskrift 2.11.2001	Riksantikvaren 2. november 2001		13 Kb
	13.12.2021	Vingen landskapsvernområde - Foto		Statsforvaltaren i Vestland	12407 Kb

Kartvedlegg

Type	Lagt til	Tema	Eksternt opphav	Internt opphav	Størrelse
	19.04.2021	Kart Vingen landskapsvernområde og freda kulturminneområde		Statsforvaltaren i Vestland	2447 Kb
	13.12.2021	Oversikt KULA-område (framlegg) Vestland FK sept 2020	Vestland fylkeskommune		148 Kb



Forskrift om Vingen landskapsvernområde, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane. Del av fullmakt.

Dato	FOR-1980-05-09-3
Publisert	II 1980 s 398
Ikrafttredelse	09.05.1980
Gjelder for	Vingen, Bremanger kommune, Vestland
Hjemmel	LOV-1970-06-19-63-§5, jfr. § 6, LOV-1970-06-19-63-§21, LOV-1970-06-19-63-§22 og LOV-1970-06-19-63-§23 jf LOV-2009-06-19-100-§77
Korttittel	Forskrift om Vingen landskapsvernområde

Kapitteloversikt:

- I
- II
- III
- IV
- V
- VI
- VII

Fastsatt ved Kronprinsreg.res. av 9. mai 1980. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970, nr. 63 § 5, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23, er eit område i Vingen, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane fylke, verna under namnet Vingen landskapsvernområde.

Det verna området er på ca. 5.000 dekar, og omfatter gnr./bnr. 77/1, 78/1, 2, 6, 78/3, 4 og 78/5, 7.

II

Vingen landskapsvernområde har følgjande grenser:

Grensa tek sitt utgangspunkt i pkt. 1 på kart i målestokk 1:20.000, dagsett Miljøverndepartementet november 1979, og følgjer først eiendomsdelet 80/1 og 78/3 og seinare 80/1 og 78/1 til pkt. 2, går i rette liner gjennom punkta 3, 4, 5 og 6 og vidare langs eiendomsdelet 78/3 og 77/1 til pkt. 7.

Pkt. 1: der eigedomsdelet 80/1 og 78/3 møter sjøen.

Pkt. 2: knekkpunkt i eigedomsdelet 80/1 og 78/1, ved Hamreskartjønn.

Pkt. 3: toppunkt på Hesten, 803 m.o.h.

Pkt. 4: toppunkt på Vingekvarven, 940 m.o.h.

Pkt. 5: topp ved Vingasetra, 502 m.o.h.

Pkt. 6: knekkpunkt i eigedomsdelet 78/3 og 77/1.

Pkt. 7: der eigedomsdelet 78/3 og 77/1 møter sjøen.

III

Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vakkert naturlandskap med viktige kulturhistoriske særtrekk (helleristningsfelt).

IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Alle tekniske inngrep som vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter er forbode, her medrekna vegbygging, framføring av luftleidningar, jordkablar, oppføring av bygningar og anlegg samt bortlegging av avfall.

Forbodet gjeld ikkje vanleg vedlikehald og drift av eksisterande bygningar, vegar, innretningar m.v. nemnde under dette punktet, eller tiltak i medhald av godkjend skjøtselsplan.

2. Motorferdsel, her medrekna landing med luftfarty, er forbode unnateke til ambulans-, brannvern-, politi-, oppsyns- og skjøtselsformål. Landing med motorbåt er tillate.
3. Dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt, kan departementet setje forbod mot telting og leirslåing og fastsetje nærare reglar om ferdsele.
4. Vernereglane skal ikkje vere til hinder for den forskning og undervisning som Historisk Museum, Universitetet i Bergen, ønskjer å drive så lenge dette ikkje er i strid med verneformålet.

V

Miljøverndepartementet kan gjere unntak frå vernereglane for vitsskapelege formål, tiltak av vesentlig samfunnsmessig verd eller i særlege tilfelle når det ikkje strir mot formålet med vernet.

VI

Forvaltninga av vernereglane og tilsynet med landskapsvernområdet vert lagt til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.


Fylkesmannen skal i samarabeid med Historisk museum, Universitetet i Bergen, syte for utarbeiding av skjøtselsplan for landskapsvernområdet. Skjøtselsplanen skal godkjennast av Miljøverndepartementet.

VII

Den kompetanse Kongen har etter § 6 til å fastsette nærare reglar for området og om skjøtsel, etter § 21 til merking av fredingar m.v, etter § 22 om regulering av ferdsele og etter § 23 til å gjere unntak frå vernereglane vert overført til Miljøverndepartementet.

Miljøverndepartementet vert gjeven fullmakt til å rette opp mogelege feil i grenseskildringa og i oversikten over gnr. bnr.

Denne føresegna trer i kraft straks.




Vingen

- Grense for landskapsvernområdet
- Grense for kulturminneområdet

Målestokk = 1:9 500 i A4
 Ekvidistanse: 5 meter
 Kartgrunnlag: Geovekst

0 250 500 m

Kartproduksjon: Fylkesmannen i Vestland



0001829

000000

0005800

108000

307000

306000

305000

- 2 NOV. 2001



GJENPART

OGGJODFJORDANE FYLKESKOMMUNE
SENTRALADAM KULTURAVDELINGA

ARKIVNR. ~~07/0472~~ 038 LNR. 039192/6

99/00598

- 5 NOV 2001

K.KODAR: C51

SAKSH: IER

O.L. FL. E.L.

Likelydande til:
Sjå adresseliste

VEDTAK OM OMRÅDEFREDING I MEDHALD AV LOV OM KULTURMINNE § 19

VINGEN HELLERISTNINGSOMRÅDE – VINGEN GNR/BNR 78/1,2,6: 78/3,4; 78/5,7, OG VINGELVEN GNR/BNR 77/1, BREMANGER KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE FYLKE

1/opp: IUE
Stik
EMO ✓
KGI

I medhald av Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr.50 (kml) § 19 jf. § 22 fattar Riksantikvaren med dette vedtak om områdefreding av Vingen helleristningsområde; Vingen gnr.78, bnr. 1,2,3,4,5,6,7 og Vingelven gnr. 77, bnr. 1, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane.

Myndighet til å fatte vedtak om slik freding er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren i forskrift om fagleg ansvarsdeling mv etter kulturminnelova § 12 nr. 1.

Omfang av fredinga

Fredingsvedtaket i medhald av kml § 19 omfatter landskapsrommet rundt helleristningane i Vingen og på Vingeneset. Helleristningane er automatisk freda i medhald av kml § 4.

Grensa for fredingsområdet tek utgangspunkt i pkt. A på vedlagte kart. Ho følgjer grensa for landskapsvernområdet frå pkt. A til pkt. B, midtvegs mellom Hamreskartjønn og Hesten, ca.1 km frå begge, går så i rett linje gjennom pkt. C "oppå Vingefossen", derifrå til pkt. D, topp ved Vingelvsætra og følger derifrå grensa for landskapsvernområdet til pkt. E.

- Pkt. A; der nordgrensa for Vingen landskapsvernområde møter sjøen
- Pkt. B; midtvegs mellom Hamreskartjønn og Hesten, 600 m.o.h.
- Pkt. C; "oppå Vingefossen", 190 m.o.h.
- Pkt. D; topp ved Vingelvsætra, 502 m.o.h.
- Pkt. E; der sørgrensa for Vingen landskapsvernområde møter sjøen

Området er totalt ca.1730 da. Dei ulike helleristningsfelte slik dei framgår i 1999 av Fornminneregisteret og Økonomisk kartverk, omfattar 85 da. Avgrensinga av områdefredinga er avmerkt på vedlagte kart, påført Riksantikvaren sitt stempel og dato av i dag.

Riksantikvaren

Dronningens gate 13

Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo

Telefon: 22 94 04 00 Telefaks: 22 94 04 04 E-post: riksantikvaren@ra.no



Føremål med fredinga

Føremålet med områdefredinga er å sikre helleristningar og andre automatisk freda kulturminne som del av det landskapsrommet dei ligg i, som kjelde for oppleving og som vitskapleg kjeldemateriale i framtida.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er fastsett med heimel i kml § 19. Føresegnene gjeld i tillegg til kml sine reglar om automatisk freda kulturminne og forskrift om fagleg ansvarsdeling m.v. etter kulturminnelova, sist endra 17.01.2001.

I

Områdefredinga utelukkar annan bruk av området enn den som følgjer av desse føresegnene.

II

Innanfor det freda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller verksemd som kan endre området sin karakter eller på anna måte motvirke føremålet med fredinga. Dette gjeld alle former for utbygging eller inngrep som anlegg, kai, veg, hus, hytter eller andre landskapsinngrep. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Dette gjeld med følgjande unntak:

1. Grunneigarar og andre som har eigedom eller særskilde bruksrettar i området kan bruke området som før.
2. Naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i området er tillete.
3. Dokumentasjon, konservering og vitskapleg arbeid med helleristningane og andre kulturminne i området kan utførast av rette vedkommande kulturminnestyresmakt.
4. Fredinga er ikkje til hinder for skjøtsel og beiting som leier til å halda kulturlandskapet i stand, føresett at det ikkje endrer området sin karakter eller har negative konsekvensar for dei automatisk freda kulturminna.
5. Forvaltingsstyresmakta, eller den ho gjev fullmakt, kan utarbeide skjøtelsplan og setta i verk skjøtsel for å oppfylle føremålet med fredinga.

III

Ilandstiging frå båt, fortøying ved kaia og ferdsle i området er ikkje tillate.

Unntak gjeld ferdsle i samband med ambulanse, brannvern, politi, oppsyn, forvaltning, skjøtsel og etter særskilt dispensasjon. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til turisme/ferdsle i område definert som publikumsområde med ferdslekorridor vist i utarbeidd forvaltingsplan. Det kan setjast vilkår for løyvet.

Følgjer av fredinga

Når det gjeld handsaming av automatisk freda kulturminne vert det vist til kml §§ 3, 4, 6, 8, 9, 10 og 11 og fredingsføresegnene ovanfor.

I samsvar med forskrift om fagleg ansvarsdeling m.v. etter kulturminnelova § 1 nr. 2, er førstelinjeansvaret for forvaltning av automatisk freda kulturminne i hovudsak lagt til den enkelte fylkeskommune.

Riksantikvaren er dispensasjonsmyndigheit i høve til dei enkelte automatisk freda kulturminna innan området, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling m.v. § 1, nr.1. I medhald av kml § 19 kan departementet i særlege tilfelle gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegnene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i høve til områdefredinga. Denne myndigheita er i medhald av forskrift om fagleg ansvarsdeling m.v. etter kulturminnelova § 12 nr.2 lagt til den enkelte fylkeskommune.

Fredinga fører til restriksjonar på ferdsle i området. Eigargar og andre med særskilde bruksrettar kan bruke området som tidlegare når det er i samsvar med føremålet med fredinga og fredingsføresegnene. Fredinga inneber at publikum kan få tilgang til eit avgrensa område i Vingen der dei kan sjå eit representativt utval av helleristningar, kulturlandskapet og kulturminne frå nyare tid.

Områdefredinga etter kulturminnelova fører ikkje til endringar i vernereglane til Vingen landskapsvernområde, fastsett i medhald av naturvernlova.

Eigdomsforhold og reguleringsmessig status

Det er følgjande eigargar i området:

Vingen gbnr. 78/1,2,6- Elkem ASA Bremanger

Vingen gbnr. 78/3,4 - Ester Hanson

Vingen gbnr. 78/5,7 - Universitetet i Bergen

Vingelven gbnr. 77/1 - Rolf Magne Vingelven, Hennøystranda, 6734 Rugsund

Vingen helleristningsområde omkransar Vingepollen som ligg like ved den indre skipsleia sør for Nordfjorden. Området er ein del av Vingen landskapsvernområde, fastsett ved kronprinsregenten sin resolusjon av 09.05.1980. Vingen landskapsvernområde vart oppretta for å verne eit særleg vakkert naturlandskap med viktige kulturhistoriske særtrekk (helleristningsfelt).

Bakgrunn for fredingssaka

I medhald av kml § 22 nr. 4 vart arealet rundt Vingepollen med Vingen og Vingeneset mellombels freda den 14.02.96. Vedtaket gjaldt for eitt år og med ferdsleforbod for andre enn grunneigarar og andre med bruksrettar i området. I 1997 vart den mellombelse fredinga utvida til å gjelde inntil Riksantikvaren har fatta vedtak om områdefreding etter kml § 19, og det vart opna for ei avgrensa og kontrollert ferdsle.

Helleristningane i Vingen er svært sårbare. Dei er trua av øydelegging både som følgje av naturlege nedbrytingsprosessar og av menneskelege aktivitetar. Det er

dokumentert stor skade på helleristningsfigurane i Vingen grunna fysisk og kjemisk vitring av berget og negativ verknad av ulike typar vegetasjon. Trakk av folk fører med seg fare for øydelegging av figurane. Ferdsla er òg til hinder for intensiv beiting og skjøtsel av kulturlandskapet.

I fleire år har det blitt gjort bevisst hærverk på helleristingane i Vingen (i åra 1978-1993 er det registrert skadeverk i 9 sesongar). Det er rissa, ripa og spraya på figurane. Fire skadeverk er meldt til politiet, men sakene er ikkje oppklåra.

Den sterke interessa for bruk av Vingen til turisme og friluftsliv, kopla opp mot dei negative erfaringane frå tida før mellombels freding vart gjennomført, har gjort det naudsynt å kontrollere ferdsla i heile landskapsrommet rundt helleristingane. Ferdsla og verksemd må regulerast slik at det ikkje oppstår fare for skade på helleristningsfeltene og for å sikre skjøtsel, beiting og andre tiltak for å bevare omgjevnadene kring helleristningsfeltene.

Landskapsvernområdet har ikkje gjeve helleristingane tilstrekkeleg vern. Vernereglane her kan ikkje nyttast til å regulere ferdsla i forhold til helleristingane. Etter desse kan telting og leirslåing forbodast. Det kan òg fastsetjast nærare reglar for ferdsla, men alt dette berre i høve til geologi, planteliv og fauna.

Det er naudsynt å kontrollere ferdsla i landskapsrommet også av omsyn til helleristingane. Det finst helleristingar også utanfor hovudlokalitetane med figurar. Det er difor naudsynt å setje grensa for områdefredinga ved den næraste horisontlinja opp frå Vingen ("Oppå Vingefossen"). Landskapsrommet danner òg ei sterk visuell ramme rundt helleristingane, og er såleis særskild viktig for verknaden av helleristingane i miljøet.

Helleristingane i Vingen som kulturminne. Skildring av området

Det er registrert ca 2.000 enkeltfigurar fordelt på 250 små og store felt. Mange felt ligg i Vingen, sør for Vingepollen, innanfor ei ca. 650 m lang og 40 - 100 m brei sone. På Vingeneset, nord for Vingepollen, ligg feltene innanfor ei ca. 275 m lang og 75 m brei sone. Hjortedyr er det dominerande motivet, og det finst òg talrike ulike abstrakte og geometriske figurar. Det finst også nokre menneskefigurar. Helleristingane blir tradisjonelt datert til siste del av eldre steinalder og tidleg yngre steinalder, dvs. at dei er 6.000 - 4.000 år gamle.

Bergarten er devonsk sandstein. Den er ikkje så robust som ein tidlegare har trudd. Figurane står i det ytterste laget i berget, i vitringshuda, som er svært porøs. Vitringshuda tek opp vatn, den er sprø og får lett sprekkar. Frostsprenging og tilgroing med algar, mose, lav, lyng og busker fører til oppsprekking og avskalling i tunne flak av vitringshuda. Det er dokumentert stor skade på figurane grunna vitring av bergarten, og ei stor mengde figurar er fragmenterte.

Figurane finst på mange ulike flater. Dei er dels vanskelege å sjå, og det er lett i vanvare å trakke på figurflatene. Trakk av folk på dei utsette helleristningsflatene fører til øydelegging av figurane.

Figurane finst på svaberg, store jordfaste blokker og på mindre, lause steinar som lett kan fraktast ut av området. Hovudsonene med figurfelt ligg på strandflata, men det er identifisert felt med figurar i urer i dalsida ovanfor strandflata. Det til no kjente høgstliggande figurfeltet i Vingen låg 60 m.o.h. Helleristningar skal vere sett ved Vingevatnet, 425-405 m.o.h. før utbygginga av vassdraget tok til.

Ovanfor Vingelven er kjent 10 felt, av desse 5-6 felt som blei nyregistrert i 1999. Der er nokre figurar av hjort, men storparten er merkelege, mogleg geometriske og sterkt fragmentariske figurar. I flg. opplysningar skal desse figurane ha blitt skada ved brann etter lynnedslag. Desse felta ligg utanfor arealet til områdefredinga.

Helleristningane på strandflata utgjer deler av ein større heilskap. Gjennom Bergkunst-prosjektet har nye figurar blitt påvist dei siste åra, og talet på figurar er venta å auke ytterlegare. Det er svært rimeleg at det finst fleire felt med figurar utanfor dei to hovudsonene i Vingen og på Vingeneset. Det gjeld mellom anna i dalsida ovanfor Vingen.

Det er påvist tufter etter hytter frå siste del av eldre steinalder innafor arealet for områdefredinga. Truleg inneheld området fleire automatisk freda kulturminne som kan sjåast i samband med figurane eller den intensive førhistoriske bruken av området.

Frå strandflata i Vingen og på Vingeneset reiser det seg ulendte og til dels uframkommelege fjellsider. Fjella går opp 600 - 940 m.o.h. Einaste framkommeleg stad er dalsida aust for elva innerst i Vingen, og ei markert horisontlinje ved ca 190 m.o.h. dannar her ei naturleg grense for landskapsrommet. Landskapet med dei markerte dalsidene dannar ei naturleg og sterk visuell ramme som har vore og er viktig i opplevinga av helleristningane.

Kulturlandskapet ved Vingepollen er karakterisert som ein overgangsform mellom kyst- og fjordkulturlandskapet. Manglande beiting og skjøtsel har ført til forsumping og attgroing med gras, lyng og kratt. Attgroinga skaper uheldig mikromiljø for helleristningane, m.a. utvikler røsslyng eit surt miljø som aukar nedbrytinga av berget. Skrint jordsmonn gjer at gras turkar lett og skaper brannfare. Varme kan føre til oppsprekking av det svekka berget og ha katastrofale følgjer for figurane. Aktiv og naudsynt skjøtsel av kulturlandskapet krev omfattande beiting av småfe, og beitedyra må ha ro i bestemte tidsrom i beitesesongen (m.a. under lamminga). Kommunen har bandtvang for hund heile året, men dette har ikkje blitt respektert.

Frå slutten av 1700-talet og fram til 1933 budde folk fast i Vingen. Det har også budd folk på Vingeneset. I Vingen vart alle tilgjengelege flater mellom berg og steinar nytta til dyrking. Her finst kulturminne frå nyare tid i form av hustufter, rydningsrøyser, steingjerde, veiter og dyrkingsterrassar. I Vingen står det i dag att 5 bygningar; ein enkel fritidsbustad oppført på gamal husmur, ei bu, to naust der eitt er bygd om til feltstasjon, "Naustbua" og ei vaktbu, "Vingebu" i tillegg til ei kai. Desse byggverka er i seg sjølve ikkje verna av områdefredinga.

Brukarinteresser

Framtidig bruk må vere i samsvar med føremålet og føresegnene for områdefredinga. Fredingsforslaget stenger ikkje for framtidig bruk av området.

Reiseliv/turisme

Det er eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa og frå Bremanger kommune om å utnytte området i samband med turisme og marknadsføre det som eit "fyrtårn" i denne samanhengen. Bremanger kommune ynskjer at heile området skal tilretteleggast for besøkande. Frå reiselivsnæringa er det uttrykt at eit avgrensa areal kring kaia er tilstrekkeleg. Reiselivsnæringa er interessert i langsiktige løysingar.

Områdefredinga legg opp til at det kan gjevast dispensasjon med vilkår for eit publikumsområde. Området vil bli definert som museumsområde med regulert ferdsel til avgrensa tider. Helleristningane er spreidde over eit større areal, og det har alltid vore avgrensa deler av felta som har vore tilgjengelege for publikum. Eit klårt definert og avgrensa publikumsområde vil redusere faren for slitasje og øydelegging av helleristningane og tilhøyrande kulturminne (kulturlag og overflatestrukturar) ellers i området, og gjer at beitedyra kan bli mindre forsstyrta. Ei tilrettelegging vil truleg også innebere tekniske installasjonar etc, og det er ynskjeleg å avgrense slike i dette opne landskapet. Bremanger kommune utarbeider no planer for eit presentasjonssenter i Skatestraumen, der m.a. Vingen får ein viktig plass. At grundig informasjon om helleristningane blir gjeve der, kan redusere presset i samanheng med turisme på Vingen.

Fiske

Kystfiskarar driv yrkesfiske m.a. i Vingepollen. Fiske i Vingepollen kan forsette, og manntalsførte fiskarar kan nytte låssetjingsplassane på land og utsiktsplassen i Vingehola som før.

Friluftsliv/rekreasjon

Frå lokalt hald er det uttrykt ynskje om å bruke området som friluftsliv- og rekreasjonsområde i samband med båtutfart, spesielt Vingeneset. Vingen og Vingeneset ligg nær skipsleia. Småbåtferdsel langs kysten er forventa å auke i kommande år, og med den trongen for friluftsområde i samband med denne.

Helleristningsfeltene på Vingeneset ligg like ved dei stadene det er naturleg å gå i land. Av omsyn til helleristningane kan ikkje Vingeneset og Vingen brukast som rekreasjonsområde. Det er tilbod om friluftsområde for båtfolket i rimeleg nærleik av Vingeneset. Marøy, som ligg ved sida av Vingeneset, er føreslått som friluftsområde i kommunal plan for sjøområda. På denne øya ligg ei gamal naudhamn og fire andre båt plassar. Hennøya og Hennøystranda lenger sør kan òg vere eigna som friluftsområde.

Turgåing

Det går ein tursti over fjellet frå Svelgen til tre endepunkt; Hennøystranda, Vingelven og Vingen. Turstien ligg utanfor fredingsområdet, med unntak av den siste kilometeren inn i Vingen. Turstien mellom Vingelven og Vingen kan nyttast som tilkomst når publikumsområdet i Vingen er ope.

Dalsidene i landskapsrommet rundt Vingepollen er, med eitt unntak, ulendte og bratte. Fjellområda er lite tilgjengelege, og inneheld ikkje friluftsverdiar som ikkje kan opplevast andre stader. Området ligg ikkje i gjennomgangsrute for turgåing i fjellet. Storleiken på området vil ikkje hemme ålmenne friluftssinteresser.

Lokalfolk har nytta ei umerka tur-rute på nordsida av Vingeneset opp til Hesten. Denne vil framleis kunne nyttast som i dag sjølv om den i lågare nivå stadvis ligg i grensa til det områdefreda arealet.

Beiting og skjøtsel av kulturlandskapet

Området blir brukt som beite for sau og geit. Garden Vingelven som har lite beiteareal, har beiterett i området. Dei andre grunneigarane driv ikkje gardsdrift. Det er naudsynt at beitinga held fram av omsyn til skjøtselen rundt helleristningane og kulturlandskapet elles. Aktiv beiting har til tider vore svært vanskeleg i høve til ferdsle i samband med friluftsliv og turisme.

Aktiv skjøtsel av kulturlandskapet krev intensiv beiting av området vår/tidleg sommar og om hausten. Andre tiltak kan gjennomførast når det er trong for det. Dersom det er naudsynt må det gjerast tiltak for å hindre eventuell konflikt mellom beitedyr og ferdsle i publikumsområdet.

Hjortejakt

Elkem ASA, den største grunneigaren i området, har dei siste åra hatt eit hjortevald i fjella ovanfor Vingen, der bedriftsjaktlaget har jakta. Jaktlaget har gått gjennom området frå sjøen til fjella ovanfor. Hjortejakta har vist seg konfliktfylt i forhold til beitebruken i Vingen. Det blir føresett at dette forholdet kan ordnast gjennom avtale mellom eigarane av dei to valda.

Dokumentasjon og konservering

I 1991 starta arbeidet med dokumentasjon og konservering i Vingen opp att. Sidan 1995 har omfattande undersøkingar av helleristningane i Vingen og på Vingeneset blitt utført som del av det landsomfattande Bergkunst-prosjektet (prosjekt Sikring av bergkunst) som fortset til og med år 2005. Prosjektet har som mål å sikre ein planar for skjøtsel og iverksetjing av konkrete tiltak.

Forskning på nedbrytingsprosessar for å finne metodar til å forseinke dei, arbeid med naudsynt konservering av bergflater med figurar og vitskaplege feltundersøkingar så som registreringar og utgravingar, kan utførast utan å komme i konflikt med områdefredinga.

Saksgang fram til endeleg fredingsforslag

Varsel om oppstart av fredingssaka vart i samsvar med km1 § 22 nr.1 sendt til eigarane, Arkeologisk institutt og kommunen i brev av 06.09.99. Brevet vart også sendt til fylkesmannen si miljøvernavdeling og Kolset Krins Utviklingslag. Samstundes vart det offentleg kunngjort i Norsk Lysingsblad, Firdaposten, Fjordenes Tiende og Firda. Det vart halde eit ope møte om saka i Svelgen den 22.02.99. Det var satt ein 5 vekers uttalefrist, og det kom inn seks uttaler til fredingsvarslet. Alle uttaler var positive til fredinga og såg ho som naudsynt for å ta vare på helleristningane. Nokre hadde mindre atterhald.

Det blei deretter utarbeidd forslag til områdefreding som den 08.06.99 vart sendt på høyring i 10 veker til alle nemnt ovanfor. Fredingsforslaget blei samstundes lagt ut til offentleg ettersyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune og i Bremanger kommune, og på fylkeskommunen si heimeside på Internett. Forslaget vart offentleg kunngjort i aviser nemnt ovanfor. Det vart sendt pressemelding om saka til alle lokalaviser i fylket. Det vart halde eit ope møte i Kolset skule, Leirgulen, den 29.06.99. Det kom inn seks uttaler til fredingsforslaget.

Framlegget om freding av 08.06.99, med refererte og kommenterte uttaler, vart i brev av 07.09.99 oversendt Bremanger kommune for handsaming i kommunestyret. Vedlagt brevet var òg kopi av uttaler til fredingsforslaget. Bremanger kommune støtta områdefredinga i Vingen, men ynskte auka høve til tilgjenge til helleristningane ved at fredingsområdet blir så lite som mogleg, at framtidig publikumsområde blir så omfattande som mogleg og at opningstidene blir auka.

Fylkeskommunen si vurdering av området og grunngeving for fredingsforslaget

Helleristningane i Vingen er av stor nasjonal og internasjonal kulturhistorisk verdi. Det har samanheng dels med mengda og typen av figurar og dels med det særprega natur- og kulturlandskapet dei ligg i. Det er eit overordna mål å sikre primærmaterialet på staden, helleristningane kan ikkje takast inn og sikrast i eit museumsmagasin.

Bevaring av helleristningar og problema i Vingen har gjennom åra hatt stort fokus i fylket. Dette har gjeve folk flest større innsikt og forståing for desse problema, og det er ein utbreidd haldning at "no må noko gjerast".

Helleristningane er sterkt trua i dag. Det er naudsynt med ein heimel til å kontrollere og regulere ferdsla slik at skader blir unngått. Ferdslforbodet sikrar helleristningane mot skade påført av folk. Det sikrar òg at beiting og andre naudsynte tiltak i forhold til bevaring og skjøtsel av helleristningar og kulturlandskap kan bli gjennomførte. I kulturminneforvaltinga i dag blir kulturminna sin plass i landskapet stadig meir lagt vekt på, og det er viktig at lovverket sikrar dette omsynet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig og naudsynt å få på plass langsiktige og permanente bevarings- og skjøtelsordningar for helleristningsområdet i Vingen.

Erfaringar både frå Vingen og frå områdefredingar elles i landet tilseier at det er viktig å sikre eit tilstrekkeleg stort areal. Med unntak i aust, fell grensene for landskapsvernområdet og for områdefredinga saman rundt Vingepollen. Etter fylkeskommunen sin vurdering vil ei felles grense for dei to områdefredingane gjere det enklare for folk flest å forhalde seg til dei to typane områdevern. Grensa for området går hovudsakleg i "himmelsjå"; horisonten rundt Vingepollen, og er difor forståeleg for folk flest.

Det er lite ynskjeleg å hindre folk sin bruk av allemannsretten. Etter ei samla vurdering finn fylkeskommunen det likevel rettast at omsynet til å sikre helleristningane må vege tyngre enn ålmenta sin frie tilgang til heile helleristningsområdet.

Det har blitt vurdert om dei nyregistrerte helleristningsfelta ovanfor Vingelven skulle inngå i områdefredinga. Desse er, etter fylkeskommunen sin vurdering, ikkje trua på same måten som felta i Vingen og på Vingeneset. Det blir difor ikkje føreslått å utvide fredingsområdet. Skulle det likevel seinare vise seg naudsynt vil ei utviding kunne bli vurdert.

Fylkeskommunen har eit statleg delegert forvaltingsansvar for automatisk freda kulturminne og må ha eit regionalt perspektiv på forvaltninga. Fylkeskommunen meiner det i saksframstillinga er gjort greie for tenelege løysingar også i forhold til interesser som ikkje kan imøtekommast fullt ut.

Fylkeskommunen sin konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår at det vert fatta vedtak om områdefreding

Riksantikvaren sin konklusjon


Sogn og Fjordane fylkeskommune har fremma forslag til områdefreding av Vingen helleristningsfelt. Riksantikvaren sluttar seg til fylkeskommunen sin vurdering av at ein slik områdefreding. Ei avgrensing som foreslått er naudsynt for å ta vare på og skjømte helleristningane i Vingen og på Vingeneset og kulturlandskapet dei ligg i.

Opplysning om klagerett og tinglysing

Riksantikvaren sitt fredingsvedtak kan påklagast til Miljøverndepartementet, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Ei eventuell klage skal stilast Miljøverndepartementet men skal sendast Riksantikvaren. Klagefristen er tre veker frå vedtaket er motteke.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst i samsvar med kml § 22 nr. 5.

Med helsing



Nils Marstein
Riksantikvar



Unni Grønn


Vedlegg: Kart som viser framlegg til fredingsområde, stempla og datert idag

Likelydande brev m/vedlegg til:

Rolf Magne Vingelven, Hennøystranda, 6734 Rugsund
Ester Hanson v/Tor Hanson, Rollandsvei 10 B, 5115 Ulset
Elkem ASA, Bremanger Smelteverk, 6723 Svelgen
Universitetet i Bergen v/Bergen museum, H.Hårfagresgt.1, 5007 Bergen
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sentraladm., 6863 Leikanger
Torbjørn Vingen, Fjellveien 43, 6770 Nordfjordeid
Kolset Krins Utviklingslag v/Åse Leirgulen, 6734 Rugsund

Gjenpart m/vedlegg:

Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep. 0030 Oslo
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Postboks 37, 6861 Leikanger
Bremanger kommune, 6723 Svelgen
Arkeologisk institutt, BM, UiB, Haakon Shetelig's Plass 10, 5007 Bergen



Områdefredning i Vingen, Bremanger kommune
Sogn og Fjordane fylke

I medhald av Lov om kulturminne § 19

Kartblad 1118 I
 Grense for områdefredning
 Målestokk 1: 25 000

Dato / signatur
 8/16-09 *[Signature]*

SOGN OG FJ. FYLKESKOMMUNE
KULTURAVDELINGA

[Signature]
 - 1 NOV. 2001

Forskrift om freding av Vingen kulturminneområde etter § 19 i kulturminnelova, av 2.11.2001

Frå Riksantikvaren sitt brev av 2.11.2001:

«Føremål med fredinga

Føremålet med områdefredinga er å sikre helleristningar og andre automatisk freda kulturminne som del av det landskapsrommet dei ligg i, som kjelde for oppleving og som vitskapleg kjeldemateriale i framtida.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er fastsett med heimel i kml § 19. Føresegnene gjeld i tillegg til kml sine reglar om automatisk freda kulturminne og forskrift om fagleg ansvarsdeling m.v. etter kulturminnelova, sist endra 17.01.2001.

I

Områdefredinga utelukkar annan bruk av området enn den som følgjer av desse føresegnene.

II

Innanfor det freda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller verksemd som kan endre området sin karakter eller på anna måte motvirke føremålet med fredinga. Dette gjeld alle former for utbygging eller inngrep som anlegg, kai, veg, hus, hytter eller andre landskapsinngrep. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

Dette gjeld med følgjande unntak:

1. Grunneigar og andre som har eigedom eller særskilde bruksrettar i området kan bruke området som før
2. Naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i området er tillete.
3. Dokumentasjon, konservering og vitskapleg arbeid med helleristningane og andre kulturminne i området kan utførast av rette vedkommande kulturminnestyresmakt.
4. Fredinga er ikkje til hinder for skjøtsel og beiting som leier til å halda kulturlandskapet i stand, føresett at det ikkje endre området sin karakter eller har negative konsekvensar for dei automatisk freda kulturminna.
5. Forvaltningsstyresmakta, eller den ho gjev fullmakt, kan utarbeide skjøtelsplan og setta i verk skjøtsel for å oppfylle føremålet med fredinga.


III

Ilandstiging frå båt, fortøying ved kaia og ferdslle i området er ikkje tillate.

Unntak gjeld ferdslle i samband med ambulanse, brannvern, politi, oppsyn, forvaltning, skjøtsel og etter særskilt dispensasjon. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til turisme/ferdslle i område definert som publikumsområde med ferdsllekorridor vist i utarbeidd forvaltningsplan. Det kan setjast vilkår for løyvet.»

Kulturlandskap av nasjonal interesse – KKULA

Vestland fylkeskommune er i gang med å utarbeide forslag til kulturhistoriske landskap av særskilt nasjonal interesse (KULA-område) for Riksantikvaren. Eitt av desse KULA-områda omfattar midtre Bremanger som tar med seg eit større landskapsområde kring Vingen: Skatestraumen, Rugsund og Vingen. Hornelen, Nord-Europas høgste sjøklippe, ligg i dette landskapet og er godt synleg frå Vingen.




Oversikt KULA-område (kulturhistoriske landskap av særskilt nasjonal interesse) i Bremanger, inkludert Vingen. Framlegg Vestland fylkeskommune september 2020.

Vingen landskapsvernområde

Foto - vedlegg til godkjend forvaltningsplan desember 2021

Alle foto (med unntak av det er nemnd) ved Tom Dybwad



Den mest
kjende
helleristinga i
Vingen, med
Vingeneset bak
og Hornelen
(860 moh)
lengst bak

Til venstre: Menneskefigur
Nede Til høgre: dyrefigurar (umalte) ved
Vingepollelva
Øvst til høgre: dyrefigur i lys av lommelykt



Arkeologar i arbeid med avdekking av helleristingar, og tildekking for beskytte helleristingar



Til venstre: Vehammaren

Til høyre: Dyreberget



Til venstre: Skadd helleristing
Til høgre: Gamal steinmur i Vingen



Vingebru, freda i 2015 som ein del av
landsverneplanen for statlege bygg



Den private hytta i Vingen, og dei to nausta i Vingen nedanfor. Store tre av platanlønn vaks her i 2013.



Platanlønntre fjerna i Vingen (t.v. 2013, t.h.2019)



Platanlønntre i Vingen er fjerna (2018 til
venstre og 2019 til høyre)



Til venstre: Privat hytte og to naust i Vingen, Vingepollelva bak (2015). Trea av platanlønn er hogd ned

Til høyre: Lita vassføring pga regulering av Vingevatnet, ei elv der det bør bli ei minstevassføring



Til venstre: Rydding på Vingeneset 2013
Til høyre: Vårmarihand. Einstape i bakgrunnen





Vingeneset 2015





Fjerning av vegetasjon på
Vingeneset 2018 – resultat av
fleire års arbeid.




Til venstre: Vingeneset 2021 etter fleire år med skjøtsel

Til høgre: Einstapen står i 2021 enno tett på Vingeneset og vil krevje mange år med slått



Til venstre: Det er sett opp gjerde på Vingeneset for å auke beitepresset ved å halde sauene der og ikkje i fjellet
Til høgre: Skilt med forbod mot ildstiging på Vingeneset



Kaien i Vingen



Til venstre: Vingebeu og kaien

Til høyre: Utsikt over Vingen og Vingepollen



Til venstre: Øravatnet i Vingen LVO

Til høyre: Fjellsida frå Øravatnet opp mot Nordre Vingekvarven



Til venstre: Vegetasjon øvst i Vingen LVO, øvst i Sørдалen
Til høyre: Øvst i Sørдалen, ved Bjørneskora



Spesielle planteartar i Vingen landskapsvernområde

Raudlista artar: til venstre: fossegrimemose (EN), til høgre: praktdraugmose (VU). Foto: John Bjarne Jordal



Hinnebregne (LC = ikkje raudlista), som er den mest oseaniske av alle norske karplantar, har svært rike førekomstar i Vingen.


Foto John Bjarne Jordal



Demninga ved Vingevatnet (utanfor landskapsvernområdet), aktuell å fjerne i samband med ny konsesjon for Svelgen kraftverk?



Til venstre: Sauene gjer den største jobben med å halde vegetasjonen nede i Vingen
Til høgre: Rydding av einer i Vingen, 2018. Einer som veks utover gjev dårleg beite




Til venstre: Telling av tistel i skjøttselsområdet i Vingen som ledd i bevaringsmål
Til høyre: Sjøppel inst i Vingepollen som skal fjernast



Til venstre: Landskapsvernområdeskilt på Grunneberget
Til høyre: Stranda mot Vingebru innover frå Flatefjøra



Under til venstre: Vingeneset med
Tussurfjellet (600 moh) bak
Til høyre: Vingelva og Vingelven gard, som
grensar til landskapsvernområdet.



Vingeneset

- til venstre 2013
- oppe til høgre 2019,
- nede til høgre 2021

